

S-07-17

MIDTRE HOLSNOY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: bj-skin.home.no/FISKE/Grunneigarlag.htm

Sendt
6/6-07
B

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep,
0033 Oslo

Gjeld klage på NVE sin tolking av konsesjon.

Midtre Holsnøy Grunneigarlag består av 50 medlemmar som er grunneigarar i området rundt Rylandsvassdraget. I samarbeid skal laget forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. Småviltjakt, fiske og friluftsliv.

Rylandsvassdraget er med i Stortingets verneplan for vassdrag.

Salar Smolt AS driv smolt anlegg ved utløpet av Rylandsvassdraget i Meland kommune.. Den nedste delen av vassdraget renn i ei 400m elv til sjøen ved Rosslandsvågen. Elva renn gjennom bygdesenteret Vikebø, der kjøpesenter, skule, aldersbustader og forsamlingshus ligg. Mange ferdast her. Dei fiskar frå elvebredda eller står på bruene og kikkar på fiskane og endene.

Salar Smolt AS fekk i 2001 konsesjon frå NVE til å ta ut vatn til å produsera 2,5 mill smolt pr. år. Dei fekk også løyve til å leggja ein ny inntaksleidning til anlegget. Denne er 1 m. i diameter og strekker seg 1000m inn i vatnet. Det gjekk fram av vilkåra i konsesjonen at leidningen skulle skjulast i elvebotnen og me gjekk ut frå at elvebotnen skulle vera bortimot flat etter dette inngrepet. Dette såg vi også som viktig for seinare bruk av elva til fiske- og rekreasjonsføremål

Salar Smolt AS utførte så ein stor spreng- og grave jobb i elva somrane 2005 og 2006 og leidningen vart lagt i juli 2006. Etter kvart såg vi at leidningen ikkje var skjult i elvebotnen, men låg oppå elvebotnen og avstanden frå vassflata til leidningen var fleire stader ikkje meir enn ½ meter. Den er festa med oransje festebånd og er i dag godt synleg der den ruver i vatnet. Den er til hinder for fiske og i vegen for eit evt. framtidig opprenskingsarbeide i elva.

Vi bemerka dette i brev til NVE den 05.09.06. Vi fekk svar frå NVE 09.10.06, der dei skreiv at dei ville følgje opp saka. Vi henvendte oss fleire gonger på tlf. til NVE, da vi syns det gjekk lang tid. Så etter 7 månader kom NVE på synfaring. Dei tok då initiativet til å kalla inn grunneigarlaget og vasslaget for å drøfta det som vi hadde å bemerka. Denne innkallinga kom imidlertid seint 16. april -07- ein dag før møtet. Vi følte sterkt på møtet at vi ikkje fekk aksept for våre meiningar. Problematikken med at leidningen er synleg vart, både av leiinga i Salar Smolt AS og NVE bagatellisert, og det vart hevda at det kanskje ikkje var meint at det skulle gravast ned.

I NVE sitt referat frå møte 24. april 2007 (vedlegg 1) har NVE konkludert med at arbeidet med leidningen er akseptabelt utført i høve konsesjonen. Vi er missnøgd med denne tolkinga. I referatet s. 2 under "Trasé på vassleidningen" har NVE unnlate å ta med heile setninga frå konsesjonen, nemleg det om at leidningen ikkje skal vera synleg. Vi forstår ikkje kvifor NVE vil bagatellisera dette. Det ser vidare ut som om NVE meiner at grunneigarane har misstolka vilkåra. Vi meiner at teksten i vilkåra er tydeleg og ikkje kan misstolkast. Det står klart i konsesjonen på side 18 i 3. avsnitt: (vedlegg 2) "... Det er dessutan sett krav om at leidningen skal gravast ned/sprengjast ned slik at ho ikkje vert synleg for ålmenta" og i konsesjonen på side 19 i punkt 8 (vedlegg 3) "leidningen skal sprengast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg" Meland kommune har også presisert dette som eit av sine vilkår (vedlegg 4) på side 12 punkt 1) " Den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned slik at den ikkje vert synleg frå land". Daglig leiar ved Salar Smolt AS Øyvind Holsen har stilt seg uforståande til vår missnøye og har gitt uttrykk for at dei har utført arbeidet tilfredstillande, men i eit brev til NVE datert 03.05.05 ser vi at Salar Smolt AS v/styreformann Agnar E. Sundbotten, har presisert korleis leidningen skulle ligga (sjå vedlegg 5). Der står det på side 2 i 3. avsnitt "..... Det vises elles til en uttrykkelig føresetnad om at den omsøkte inntaksledningen skal graves ned i elveløpet slik at den ikke blir synlig"

Dette er ikkje noko som grunneigarane har funne på, men er eit vilkår for til å gjennomføra eit stort inngrep i Rylandsvassdraget som også er eit vema vassdrag. At leidningen ikkje skal vera synleg kan det ikkje vera tvil om ettersom det er presisert så mange ganger i konsesjonen. Verken grunneigarar eller dei som bur i denne bygda har bede om- eller har nytte av å ha eit stort røyr liggande i elva, og når det no viser seg at arbeidet ikkje er utført slik det skulle og røyret tvert i mot er godt synleg i elva meiner vi dette er brot på konsesjonen. Vi kan ikkje sjå at Salar Smolt AS har søkt om-, eller fått løyve til å ha leidningen liggande oppå elvebotnen slik den ligg i dag. Salar Smolt AS har derimot sjølv presisert i brev til NVE at det er ein uttrykkelig føresetnad at den omsøkte inntaksledningen skal graves ned i elveløpet slik at den ikke blir synlig.

Vi stiller oss uforståande til at NVE konkluderer med at arbeidet med leidningen er akseptabelt utført i høve konsesjonen og ber om at Olje- og energidepartementet omgjer denne vurderinga og sørger for ein reaksjon på konsesjonsbrotet.

06.06.07

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Bjarte J. Skintveit
Leiar

Vedlegg 1 - Kopi av NVE sitt referat frå møte på Rossland 17.04.07

Vedlegg 2 og 3 - Kopi av konsesjonen ang NVE sine vilkår

Vedlegg 4 - Kopi av konsesjonen ang Meland kommune sine vilkår

Vedlegg 5 - Kopi av brev frå Salar Smolt AS v/styreformann Agnar E. Sundbotten 09.05.05

Vedlegg 6 – bileteserie av leidningen.

Kopi til:

Meland Kommune v/Rådmannen
Fylkesmannen v/Miljøvernavdelinga
NVE v/Ivar Sægrov